

Sakshandsamar:
Ole I. Gjerald
E-post: Ole.I.Gjerald@sfj.no
Tlf.: 40857025

Vår ref.
Sak nr.: 17/8625-2
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Dykkar ref.

Norske fylkeskommunar i
Nordsjøkommisjonen

Dato
LEIKANGER, 17.11.2017

Sekretariatsfunksjonen i Nordsjøkommisjonen – førespurnad om støtte

Innleiing

Vestlandsrådet gjekk 25. oktober 2017 inn for at fylkeskommunane på Vestlandet skal melde si interesse for å ta på seg rolla som permanent sekretariat i Nordsjøkommisjonen (NSC), anten ved at eitt fylke eller Vestlandsrådet i fellesskap søker om dette innan fristen 20. desember 2017. Vestlandsrådet ser det som ein føresetnad at alle norske medlemsregionar/fylkeskommunar medverkar i eit spleiselag på finansieringssida, og sekretariatet for Vestlandsrådet fekk i oppgåve å klargjere dette fram mot søknadsfristen. Vi tek difor no kontakt med alle dei norske medlemmane i Nordsjøkommisjon med eit ønske om å få tilbakemelding på interessa for dette.

Bakgrunn for førespurnaden

Nordsjøkommisjonen (NSC) har dei siste åra starta ein diskusjon for å få på plass ei meir berekraftig organisering, m.a. ved å etablere eit permanent sekretariat. Ei arbeidsgruppe har til dømes jobba fram ein ny økonomisk modell for organisasjonen. I dag følgjer sekretariatet presidentvervet, dvs. at det er den medlemsregionen som til ei kvar tid innehar presidentvervet som etablerer eit sekretariat og dekkjer kostnadane for dette. Dette har ført til eit «demokratisk underskot» i val av president, då ei rekke regionar ikkje har høve til å stille slikt sekretariat til rådvelde. På bakgrunn av dette, har arbeidsgruppa føreslått å skilje presidentvervet og sekretariatsfunksjonen.

Generalforsamlinga vedtok i juni i år å sende ut ei utlysing til alle medlemsregionane om å vere vertskap for eit permanent sekretariat. Det er opning for at ein region eller eit samarbeid av regionar kan ta på seg oppgåva. Det er sett av noko midlar i NSC sitt budsjett til å dekke ein del av utgiftene, men det vil i tillegg vere behov for ei eigenfinansiering av sekretariatet. Nordsjøkommisjonen har førebels ikkje valt å auke medlemsavgifta, men dette kan bli aktuelt dersom det syner seg vanskeleg å finne ei anna langsiktig løysing på sekretariatsrolla innan juni 2018.

Finansiering av eit norsk sekretariat på Vestlandet

Spørsmålet om økonomisk støtte til sekretariatsfunksjonen er ikkje nytt i norsk samanheng. Telemark fylkeskommune dreiv sekretariatet frå 2004 til 2012. Då vart ein modell for norsk spleiselag oppretta der alle medlemsregionane medverka med kr. 50 000.- per år. Hordaland fylkeskommune vidareførte denne modellen for drift av sekretariatet frå 2014 til 2016. Desse bidraga dekkja ikkje fullt ut alle kostnadene til drift av sekretariatet. Hordaland fylkeskommune rekna at drifta årleg kosta omlag 2 mill.kr.

Praksis fram til i dag tilseier at det bør etablerast eit fast sekretariat med 2 stillingar for å kunne drive Nordsjøkommisjonen sitt arbeid på ein tilfredsstillande måte. Lønskostnader og driftsutgifter må dekkast.

Vi legg til grunn at Nordsjøkommisjonen vidarefører dagens praksis med å dekke utgifter til reise, hotell og diett for sekretariatet etter reiserekning, samt at overskotet av innbetalt medlemskontingent også vert nytta til drift av sekretariatet. Det er samla sett av € 48 000 i NSC sitt budsjett for 2018 (ca. kr. 440 000) til drift av sekretariatet.

Proessen det er lagt opp til

Det er sett ein frist til 20. desember 2017 for interesserte regionar til å melde si interesse til å vere vertskap for eit permanent sekretariat. Ein søknad må innehalde ei kortfatta skildring av korleis eit sekretariat kan organiserast. Det å melde si interesse er ikkje bindande. Styret i Nordsjøkommisjonen vil deretter inngå forhandlingar med interesserte regionar med mål om å ha ein formell avtale på plass til styremøtet i mars 2018. I mars 2018 må difor interesserte regionar vere villige til å forplikte seg til denne oppgåva.

Det nye sekretariatet tek over frå 01.06.2018, og vil ha denne rolla fram til 31.12.2021. På årsmøtet i 2021 vil det vere mogleg å velje ei anna organisering eller for andre partar å ta over sekretariatet. I det norske formøtet til Executive Committee 17.10.2017 vart det orientert om at etablering av eit permanent sekretariat var tema på Vestlandsrådet sitt møte 25.10.2017. Dei norske medlemmane som var til stades konkluderte slik: «De norske medlemmene er positivt innstilte til å være med på et spleiselag vedr. norsk sekretariat.»¹

Dei fire fylkeskommunane som samarbeider gjennom Vestlandsrådet (Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogland) ønskjer å utvikle modellen slik at kostnadane vert likt fordelt på dei norske medlemsregionane; 11 fylkeskommunar. Dette inneber at alle dei norske medlemsregionane må vere innstilte på å bidra med om lag kr. 156 000,- årleg. Vestlandsrådet meiner vertskapsrolla for sekretariatet i NSC vil gje moglegheiter for påverknad og nettverking, og at dette kan utgjere ein føremon for alle dei norske medlemsregionane, særleg sidan Noreg står utanfor EU. Dette vil kunne vege opp for dei ekstra utfordringane dette inneber.

Regionreforma kan vere ei utfordring for denne modellen. Allereie frå 2020 vert det færre fylke og difor færre medlemar i Nordsjøkommisjonen. Det er difor viktig at alle sluttar seg til prinsippet. For Vestlandsrådet vil det vere avgjerande for å fremje forslag til organisering at dei norske medlemsfylka går saman om eit slikt spleiselag, også for perioden etter 1.1.2020.

Send dykkar tilbakemelding til Vestlandsrådet ved sekretariatsleiar Ole I. Gjerald (ole.i.gjerald@sfj.no) snarast råd, og seinast innan 01.02.2018.

Med helsing

Tore Eriksen
fylkesrådmann

Ole I. Gjerald
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

¹ Oppsummering frå formøtet vedr. ExCom 19.10.17, Østfold fylkeskommune.

Mottakarar

Fylkeskommunane som er medlemmer i Nordsjøkommisjonen (NSC):

- Aust-Agder fylkeskommune
- Buskerud fylkeskommune
- Hordaland fylkeskommune
- Møre og Romsdal fylkeskommune
- Sogn og Fjordane fylkeskommune
- Rogaland fylkeskommune
- Sør-Trøndelag fylkeskommune
- Telemark fylkeskommune
- Vest-Agder fylkeskommune
- Vestfold fylkeskommune
- Østfold fylkeskommune

Kopi til:

- Vestlandsrådet sitt arbeidsutval